

## Tabell E-k

### Indeks for berekna utgiftsbehov for kommunane 2021

Tabellen viser samla indeks for berekna utgiftsbehov og dei ulike delindeksane, kommunane sin del av innbyggjartalet i landet per 1. juli 2020 og kommunane sin del av det berekna utgiftsbehovet i 2021. Indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 25) blir rekna ut ved hjelp av kostnadsnøkkelen for utgiftsutjamninga med tilhøyrande kriteriedata. Sjå innleiinga og den generelle omtalen av inntektssystemet for ein nærare omtale av utgiftsutjamninga.

Første steg i utgiftsutjamninga er å berekne den einskilde kommune sin del av den totale summen på landsbasis for kvart kriterium. Deretter blir den einskilde kommunen sin del av innbyggjartalet i landet rekna ut (det vil seie innbyggjartalet i kommunen dividert med innbyggjartal i landet per 1. juli 2020).

Deretter blir det berekna ein indeks for kvart kriterium etter følgjande formel:

$$\text{Indeks}_k = \frac{\text{Kommunen sin del av kriterium}}{\text{Kommunen sin del av innbyggjarane}}$$

Ein kommune som har indeks lik 1,0 for kriteriet innbyggjarar 6–15 år har like stor del av landets 6–15-åringar som av landets innbyggjarar totalt. Ein kommune med indeks lik 1,1 for same kriterium har 10 prosent større del av 6–15 åringane enn av innbyggjarane totalt. Ein kommune med indeks lik 0,9 for same kriterium har 10 prosent lågare del av 6–15-åringar enn av innbyggjarane totalt. Indeks for berekna utgiftsbehov for kommune  $i$  blir rekna ut som eit vekta gjennomsnitt av indeksen for kvart kriterium etter følgjande formel:

$$\text{Indeks berekna utgiftsbehov}_i = \sum_{k=1}^{24} V_k * I_{ki}$$

$V_k$  er kriterievekt for kriterium  $k$ ,  $I_{ki}$  er indeks for kriterium  $k$  for kommune  $i$ .

Vekta for kvart kriterium er vist i kostnadsnøkkelen i tabellen under. Som det kjem fram av tabellen, har innbyggjarar 6–15 år vekta 0,2628 eller 26,28 pst. av den samla kostnadsnøkkelen. Det betyr at 26,28 pst. av det berekna utgiftsbehovet til kommunane på dei områda som blir dekte av utgiftsutjamninga, er knytt til talet på innbyggjarar i aldersgruppa 6–15 år.

Indeks for dei ulike kriterier er viste i kolonnane 1 til 24. Kriterier er definerte, og kriterieverdiane er presenterte, i tabell F-k.

*Kostnadsnøkkel for kommunane 2020:*

Kriterium	Vekt
1 Innbyggjarar 0–1 år	0,0055
2 Innbyggjarar 2–5 år	0,1363
3 Innbyggjarar 6–15 år	0,2628
4 Innbyggjarar 16–22 år	0,0231
5 Innbyggjarar 23–66 år	0,1054
6 Innbyggjarar 67–79 år	0,0572
7 Innbyggjarar 80–89 år	0,0781
8 Innbyggjarar 90 år og over	0,0393
9 Gradert basiskriterium	0,0160
10 Reiseavstand innan sone	0,0100
11 Reiseavstand til nabokrets	0,0100
12 Landbrukskriterium	0,0021
13 Innvandrarar 6-15 år, ekskl. Skandinavia	0,0070
14 Personar med psykisk utviklingshemming 16 år og over	0,0497
15 Ikkje-gifte 67 år og over	0,0464
16 Dødelegheitskriterium	0,0464
17 Uføre 18-49 år	0,0063
18 Flyktingar utan integreringstilskot	0,0082
19 Opphopingsindeks	0,0093
20 Aleinebuande 30-66 år	0,0189
21 Barn 0–15 år med einsleg forsørgjar	0,0167
22 Låginntektskriteriet	0,0105
23 Barn 1 år utan kontantstøtte	0,0166
24 Innbyggjarar med høgare utdanning	0,0182
<b>25 Sum</b>	<b>1,0000</b>

- Kolonne 1 – Indeks for innbyggjarar 0–1 år (per 1. juli 2020)**
- Kolonne 2 – Indeks for innbyggjarar 2–5 år (per 1. juli 2020)**
- Kolonne 3 – Indeks for innbyggjarar 6–15 år (per 1. juli 2020)**
- Kolonne 4 – Indeks for innbyggjarar 16–22 år (per 1. juli 2020)**
- Kolonne 5 – Indeks for innbyggjarar 23–66 år (per 1. juli 2020)**
- Kolonne 6 – Indeks for innbyggjarar 67–79 år (per 1. juli 2020)**
- Kolonne 7 – Indeks for innbyggjarar 80–89 år (per 1. juli 2020)**
- Kolonne 8 – Indeks for innbyggjarar over 89 år (per 1. juli 2020)**
- Kolonne 9 – Indeks for gradert basiskriterium**
- Kolonne 10 – Indeks reiseavstand innan sone**
- Kolonne 11 – Indeks reiseavstand til næraste nabokrets**
- Kolonne 12 – Indeks for landbrukskriteriet**
- Kolonne 13 – Indeks for innvandrarar 6–15 år**
- Kolonne 14 – Indeks for personar med psykisk utviklingshemming,  
16 år og over**
- Kolonne 15 – Indeks for ikkje-gifte 67 år og over**
- Kolonne 16 – Indeks for dødelegheitskriteriet**
- Kolonne 17 – Indeks for uføre 18–49 år**
- Kolonne 18 – Indeks for flyktningar**
- Kolonne 19 – Indeks for opphopingsindeksen**
- Kolonne 20 – Indeks for aleinebuande 30-66 år**
- Kolonne 21 – Indeks for barn med einsleg forsørgjar**
- Kolonne 22 – Indeks for låginntektskriteriet**
- Kolonne 23 – Indeks for barn 1 år utan kontantstøtte**
- Kolonne 24 – Indeks for innbyggjarar med høgare utdanning**
- Kolonne 25 – Indeks for berekna utgiftsbehov**

Vekta gjennomsnitt av kolonnane 1 til 24. Talet blir vidare nytta i tabell A-k, kolonne 1.

**Kolonne 26 – Del av innbyggjarar totalt, per 1. juli 2020 (promille)**

**Kolonne 27 – Del av berekna utgiftsbehov (promille)**

Kommunen sin del av totalt berekna utgiftsbehov. Kolonnen blir rekna ut ved å multiplisere kommunen sin indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 25) med kommunen sin del av innbyggjarane (kol. 26).